

## Trenarveiledar

Hensikten med rollen er å kunne gi best mulige forutsetninger for de frivillige i klubben. Vi skal bidra med kompetansepåfyll og andre tiltak for å øke viljen og styrke det frivillige arbeidet som en foreldretrener har i dag.

Hareid IL Fotball ønskjer å auke satsinga vår på unge spelarar som ønskjer å bli toppspelarar, i tillegg til å auke kompetansen blant trenarane våre.

### Arbeidsoppgåver:

- Utarbeide trenar-handbok for alle lag i Hareid IL. Øvingsbank, krav/målsetjing, forventningar m.m. Eigne mapper for «foreldretrenarar» for å ha ein raud tråd gjennom klubben.
- Oppfølging av enkeltspelarar gjennom samtalar. Hjelp dei å setje seg mål og å lage planar for korleis ein når desse. Følgje opp og gi tilbakemeldingar etter kampar og treningar.
- Styre hospiteringa i klubben etter retningslinjene i Hareid IL Fotball sin sportsplan. Vere ansvarleg for at alle treningsgruppene i fotballgruppa har passe storleik, og at laga har store nok stallar til å gjennomføre kampsesongen på ein tilfredsstillande måte.
- Gjennomføre ekstratreningar for dei mest satsande spelarane i klubben. Treningar både for barne- og ungdomsfotball, både for gutar og jenter, kan vere aktuelt. Treningar på individuelt nivå kan også i nokon grad vere aktuelt.
- Følgje opp trenarane i klubben, både gjennom individuelle samtalar og gjennom trenarforum.
- Delta på andre relevante møte i klubben etter avtale.
- Gå inn og ta enkelttreningar på ulike lag. Treningar i både barne-, ungdoms- og seniorfotballen kan vere aktuelt. Tal på slike økter etter eigne avtaler med styret/sportsleg utval. Dei fleste treningane gjeld spelarar i ungdomsfotballen og dei eldste spelarane i barnefotballen.
- Utarbeide sportsleg rapport til kvart styremøte med kort statusrapport på den sportslege stoda i klubben. Dette gjeld til dømes hospitering, kva som har utvikla seg bra, og kva som til ei kvar tid er utfordrande
- Jamlege møte med samarbeidsklubb og andre klubbar i området for å halde god dialog og sportsleg oppdatering.
- Ferdigstille og marknadsføre samt organisering av «*Proffhelg/train like a pro-samlingar*».
- Sportsleg ansvarleg for fotballskulane våre i samarbeid med dagleg leiar.

### Kvalifikasjonar:

- UEFA B-lisens eller anna relevant utdanning, til dømes bachelorgrad eller mastergrad i idrett med fotball som fordjuping. Kandidatar som er undervegs i eit utdannings- eller kursløp kan også vurderast.
- Pedagogisk erfaring.
- Gode samarbeidsevner.
- Gode leiareigenskapar.
- Gode munnlege og skriftlege til å kommunisere.
- Representere Hareid IL på ein sunn og positiv måte.